



NORMALVEDTEKTER FOR HAGESELSKAPET (region)

Stifta: _____ Vedtektene vedtatt: _____ Godkjend: _____

Hageselskapets normalvedtekter har som mål å sikre dei formelle krava til demokratisk styring av organisasjonen, og ein forsvarleg forvaltning av økonomien. Dei skal også vere med på å styrke preget av fellesskap i dei ulike ledda i organisasjonen. Lokale tilpassingar utover dette vil i regelen bli akseptert.

§ 1 NAMN OG FØREMÅL

Hageselskapet _____ («regionavdelinga») er ein del av Det norske hageselskap («Hageselskapet») og arbeider i samsvar med organisasjonen sin visjon, vedtekter og arbeidsplan. Regionavdelinga er ein samanslutning av Hageselskapets lokallag i regionen («lokallaga»). Endring av geografiske grenser skal behandlast av regionen sitt representantskapsmøte og godkjennast av landsstyret. Regionavdelinga er ein eigen juridisk eining.

Det norske hageselskaps føremål er å fremje hageglede, bærekraftig hagekultur og landskapspleie, og den positive helseeffekt grøne omgjevnader har for det einskilde mennesket, familien og samfunnet.

§ 2 ARBEIDSOMRÅDE

Regionavdelinga søker å nå sitt føremål ved å:

1. Halde nær kontakt og styrke samarbeidet mellom lokallaga i regionen, og med administrasjonen i Hageselskapet.
2. Samarbeide med regionale myndigheiter og fagfolk som kan fremje Hageselskapets føremål.
3. I samarbeid med lokallaga skaffe kyndig hjelp og rettleiing, organisere kurs og planlegge foredrags- og diskusjonsmøter, hagevandringar, felles utferder mv.
4. Arbeide for å opprette nye lokallag der det er naturleg grunnlag for det.
5. Sette ned utval ved behov.
6. Profilere og marknadsføre hagesaka og Hageselskapets visjon.
7. Bidra til å gjennomføre Hageselskapets strategiske føringar.
8. Medverke til at Hageselskapets profilprogram blir følgt.
9. Bidra til å bygge eit positivt omdøme for Hageselskapet.

§3 MEDLEMSKAP

Hageselskapets lokallag i regionen er medlemmer.

§4 REPRESENTANTSKAPET

Representantskapet er regionavdelinga si høgste myndigheit. Det er sett saman av:

1. To representantar frå kvar av lokallaga i regionen.
2. Styret sine medlemmer.

§5 REPRESENTANTSKAPSMØTET

Ordinært representantskapsmøte skal haldast kvart år innan utgangen av november. Møtet skal gjerast kjent for lokallaga minst to månader før det vert halde. Innkalling, sakliste og alle saksdokument som regionavdelinga sin årsrapport, rekneskap mv. skal sendast representantane minst 14 dagar før møtet.

Representantskapet skal:

1. Velje ordstyrar, referent og to personar til å underskrive protokollen.
2. Behandle regionavdelinga sin årsrapport.
3. Behandle regionavdelinga sin reviderte årsrekneskap.
4. Behandle forslag til arbeidsplan og budsjett for det komande år frå styret i regionavdelinga.
5. Velje:
 - a. Leiar.
 - b. Styremedlemmer og varamedlemmer i samsvar med §8.

- c. Velje valkomité på tre medlemmer.
 - d. Velje ein representant, i tillegg til leiaren, til Det norske hageselskaps representantskapsmøte i samsvar med §5 pkt. 3 i vedtektene for Hageselskapet.
Vala skal vere skriftlege dersom det ligg føre fleire forslag til same verv, eller når ein representant krev det.
Ved likt røystetal skal det trekkast lodd.
- 6. Velje to revisorar med to års funksjonstid, eller ein statsautorisert revisor for to år.
 - 7. Behandle andre saker som er ført opp på den utsende saklista.

Saker som lokallag eller eit medlem av eit lokallag vil skal behandlast av representantskapet, må sendast styret minst ein månad før representantskapsmøtet skal haldast. Styret drøftar innkomne saker og legg dei fram for representantskapet saman med forslag til vedtak. Styret har ikkje røysterett under punkta 2, 3 og 6. Representantskapet er vedtaksført når det er innkalla etter vedtektene. Når ikkje noko anna er nemnt i vedtektene, blir sakene avgjorde med alminneleg fleirtal. Ingen kan gje meir enn ei røyst eller røyste med fullmakt. Ved likt røystetal avgjer røysta til leiaren, bortsett frå ved val.

§ 6 RAPPORTERING

Godkjend årsrapport, rekneskap og resultatet av valet skal sendast Hageselskapets administrasjon straks etter representantskapsmøtet. Det same gjeld rapportar frå lokallaga.

§ 7 EKSTRAORDINÆRT REPRESENTANTSKAPSMØTE

Ekstraordinært representantskapsmøte kan haldast når styret finn det naudsynt eller når en tredel av lokallaga krev det. Innkalling til ekstraordinært representantskapsmøte må sendast ut skriftleg minst 14 dagar før møtet. I eit slikt møte kan ein ikkje behandle andre saker enn dei som er ført opp på saklista.

§ 8 STYRET

Styret i regionavdelinga er sett saman av leiar og fire medlemmer. Er det behov, kan ein velje inntil to varamedlemmer. Etter forslag frå valkomiteen vel representantskapet først og ved særskilt val: Leiar for eitt år og styremedlemmer for to år. Av dei fire valde styremedlemmene er to på val kvart år (første gong etter loddtrekning). Styret vel kvart år eitt av styremedlemmene som nestleiar. Det er opp til styret sjølv å velje om det vil nedsette eit arbeidsutval og om styremedlemmene skal ha eigne funksjonar som sekretær, kasserar, studieleiar, mediekontakt mv. Styret kan også velje å legge slike funksjonar utanfor styret, eventuelt ved å kjøpe tenester eller tilsetjing. Funksjonstid for styreleiar er normalt inntil seks år og for styremedlemmer normalt inntil åtte år.

§ 9 STYRET SINE OPPGÅVER

Styret leiar regionavdelinga sitt arbeid og forvaltar midlane i samsvar med vedtekter, arbeidsplan, budsjett og andre vedtak fatta av representantskapet. Vedtak i styret blir gjort med alminneleg fleirtal. Ved likt røystetal avgjer røysta til leiaren. Eit styrevedtak er gyldig når minst tre styremedlemmer har røysta.

§ 10 VEDTEKTSENDRINGAR

Forslag om endringar i vedtektene kan fremjast av styret eller lokallag. Forslag skal sendast til styret minst tre månader før representantskapsmøtet. Forslag om vedtektsendring skal gjerast kjent for styra i lokallaga seinast to månader før dei blir framlagde for representantskapet. Styret behandlar innkomne forslag og legg dei fram for representantskapet med forslag til vedtak. Forslaga skal distribuerast saman med innkallinga. Vedtak om vedtektsendring krev aksept av minst 2/3 av røystene. På ekstraordinært representantskapsmøte må det ikkje gjerast endring i vedtektene, dersom det ikkje har vore oppe til drøfting på eit ordinært representantskapsmøte. Vedtektsendringar skal sendast Hageselskapets landsstyre til godkjenning.

§ 11 OPPLØYSING/ENDRING AV GRENSER

Forslag om oppløysing av regionavdelinga eller endring av geografiske grenser kan ikkje fremjast utan at representantskapet i regionavdelinga vedtek det med minst 2/3 av røystene. Dersom representantskapet i regionavdelinga vedtar forslag om oppløysing eller endring av regionen sine grenser, skal dette sendast landsstyret i Hageselskapets for godkjenning. Vedtaket krev 2/3 av røystene. Ved oppløysing av regionavdelinga forvaltar landsstyret midlane til det er oppretta ein eller fleire nye regionavdelingar med godkjent styre og vedtekter. Blir det ikkje oppretta ei ny regioneining innan fem år, vil eventuelle midlar bli overført til Det norske hageselskap.

Vedtatt av representantskapet 14.06.2014